

Bjartmars ætterøter

Det har vorte ein del skrivi om ætta hans Bjartmar, såleis innlegg i Smp. nr. 253 og 255. Her er det sagt at farfar hans, Bent Rasmusson Gjerde, var av gamal Sande-slekt. Dette er ikkje rett.

I Sandeboka av Bjørlykke, side 695, står at Ole Igesund og kona Olave f. Måen som budde på Gjerde og var barnlause, tok til seg Bent Rasmussen Norddal. Og i den nye Sandeboka av Bj. Rabben b. III s. 153 står at Ola og Olave tok han til seg då han var 5 år. Dette er rett. Far hans var Rasmus Olson Norddal på br. 8 i Syvde, og mor hans var Marte Olsdr. Myklebust br. 33, sidan Bulegene br. 2 i Syvde.

Tre eldre kvinner på Vanylven sjukeheim, 100, 92 og 89 år gamle og åndsfriske, fortel dette i ein samtale:

– Rasmus og Marte var i unge år trulova, men folket hans ville ikkje godkjenna dette. Ho var for fattig, men svært vakker. Så gifte han seg med ei grannejente av slekta, Berte Toresdr. Norddal, «ei sers klok kone», sa dei. Marte vitja gamlekjæresten, og i 1860 fekk ho ein gut som vart kalla Bent. Berte hadde brystbarn same året, og ho tok til seg Marte sin gut, gav han bryst og fostra han i fem år i lag med sine. Deretter for han ut i Larsnes-bygda og tok namnet Gjerde. Han er altså ætta frå syvde og hev mykje slektfolk her.

Dei var ikkje visse på kvar det vart av Marte. Dei trudde ho for til Bergen.

Ola Nygard

MARTE OLSDT. WEDELØB



OG BJARTMAR GJERDES ÆTTERØTER.

Avisutklippet til venstre, med ei uvanleg kjærleiks- og livshistorie frå Syvde i Vanylven, såg eg for fyrste gong i oktober 2023, i eit innlegg på Face-book-sida «Gamle bilder frå Vanylven». Det var lagt ut i samband med at NRK-TV sende serien «Makta» om Arbeiderpartiet, der politikaren Bjartmar Gjerde var ein av hovedpersonane. Dette klippet er ein eldre tekst innsend til ei avis av Ola Nygard, truleg til Sunnmørs-posten, men utklippet var ikkje merka eller datert.

I avisklippet står det at den unge dama på bildet over, som er ein viktig person i artikkelen, Marte Olsdotter, kom frå bruksnummer 33 på Myklebustgarden i Syvde, men det er nok ikkje rett. Kyrkjeboka viser at våren og sommaren i 1825, vart det fødd to jenter i Syvde som begge heitte Marte Olsdotter, og fedrene til begge heitte Ole Rasmusson. Den eine budde på Myklebust

nr. 32, og den andre budde på Vedlog nr. 1, og jenta dette stykket handlar om, var den yngste av dei. Ho var fødd den 6. juli, døpt Marte, og foreldra hennar var Ole Rasmusson frå Vedlog og Brithe Christophersd frå Takset. I kyrkjeboka er foreldra innskrivne med gardsnamnet Wedeløb, som på den tid var skrivemåten for det som seinare vart skrive Vedlog.

1825 166

Fødte Dvindelen.

No.	Døds- og Datum. 1825	Døds- og Datum. fulde Naavn.	Daabs Datum i Kirken eller hjemme.	Foreldrenes Naavn, Stand, Haandtering og Bopæl.	Fadderens Naavn, Stand og Dyholdsted.	Hvor anført i det almindelige Jeonferats-De. gifter.	Anmerkings
10	18 ^{de} Maj	Marte Rasmussen	18 ^{de} Maj	Ole Rasmusson Wedeløb	Peder Jensen, Mette Rasmussen		
11	26 ^{de} Maj	Marte Rasmussen	26 ^{de} Maj	Peder Rasmussen Wedeløb	Hans Larsen, Landvoerd		
12	30 ^{de} Juni	Marte Rasmussen	30 ^{de} Juni	Peder Rasmussen Wedeløb	Hans Larsen, Landvoerd		
13	10 ^{de} Juli	Marte Rasmussen	10 ^{de} Juli	Peder Rasmussen Wedeløb	Hans Larsen, Landvoerd		
14	27 ^{de} Juli	Marte Rasmussen	27 ^{de} Juli	Peder Rasmussen Wedeløb	Hans Larsen, Landvoerd		
15	5 ^{de} Aug	Marte Rasmussen	5 ^{de} Aug	Peder Rasmussen Wedeløb	Hans Larsen, Landvoerd		
16	15 ^{de} Aug	Marte Rasmussen	15 ^{de} Aug	Peder Rasmussen Wedeløb	Hans Larsen, Landvoerd		
17	22 ^{de} Aug	Marte Rasmussen	22 ^{de} Aug	Peder Rasmussen Wedeløb	Hans Larsen, Landvoerd		
18	30 ^{de} Aug	Marte Rasmussen	30 ^{de} Aug	Peder Rasmussen Wedeløb	Hans Larsen, Landvoerd		
19	28 ^{de} Sept	Marte Rasmussen	28 ^{de} Sept	Peder Rasmussen Wedeløb	Hans Larsen, Landvoerd		

Ole Vedlog var leiglending på bruksnummer 1 på Vedlog-garden, der Marte vaks opp. Han brukte halve bruket der frå 1846 til 1855. I bygdeboka for Syvde er det også ført opp at Marte Olsdotter brukte gardsbruket saman med faren til 1855, men det må i så fall ha vore etter at Marte kom tilbake til Syvde etter å ha budd i Bergen ei tid. I kyrkjeboka for Syvde er det nemleg ført inn at Marte Olsd. Vedeløb flytta frå Syvde til Bergen 17. september 1850, då ho var 25 år gammal.

Etterkomarar etter Marte Olsdatter har opplyst at Marte rundt 1853 hadde fått ein gut, Mathias, med ein mann frå Bergen, og var einsleg mor, og kan då ha flytta tilbake til Syvde, så Marte og sonen kan ha budd på Vedlogbruket i 1855, då bygselkontrakten der vart avslutta for Ole Rasmusson og heile familien. I så fall fylgde sannsynlegvis Marte og sonen med foreldra hennar då dei flytta til ein husmannsplass på Myklebust.

Kona til Ole Vedlog, Brithe Christophersd., døde tidleg i juni 1855 etter at familien hadde flytta frå Vedlog, for i kyrkjebøkene er det ført inn at Brithe hadde «opholdssted Møklebust» då ho døde. Familien hadde då flytta frå Vedlog og til Bulegene, som var eit plassebruk under Myklebustgarden (gards-nummer 89) mellom Harbakkane og Oseberg på sydsida av Syvdefjorden. I Hans Brekke si bygdesoge frå 1945 er det skrive at Ole Vedlog var den fyrste som budde på plassen. Den vart seinare utskilt som bruksnummer 2 på Myklebust. Ole gifte seg igjen i desember 1855 med Cathrine Martha Jacobsd. Aarskog, som tidlegare i 1855 hadde flytta til Syvde frå Herøy, for å ta seg teneste.

Men Ole Rasmussen døde forholdsvis kort tid etter at dei flytta til Bulegene, og i 1859 gifte enkja Cathrine seg med enkjemannen Ole Pederson Myklebust frå Myklebust nr. 33, og dei busette seg i Bulegene, og same året fekk dei ei dotter, Pauline, som seinare vart ny brukar av Bulegene fram til Knut Bentson (kalla «Deplen») frå Myklebust 5 overtok bruket etter henne i 1894.

Marte Olsdotter fekk i 1860 sonen Bent med Rasmus Olsen Nordal, slik det står i avisklippet, og Bent Rasmusson vart døpt i Syvde kyrkje 24. juni 1860. På denne tida er både Marte sin far, Ole Rasmussen, og Marte si mor, Brithe Christophersd. døde, og stemora Cathrine var gift igjen med enkjemannen Ole Pedersen, og budde famleis på Buleg-plassen. Så langt eg kan sjå er alle fadderane som er innførde i kyrkjeboka på Bent sin dåpsdag busette i Nordalen, der Bent sin far budde med familien sin, og vi ser i avisklippet at Rasmus Olsen og kona Berte tok seg av Bent dei fyrste leveåra hans. Då Bent vart døpt er Marte førd inn i kyrkjeboka som Marthe Olsd. Myklebust, så ho og steforeldra budde nok på Buleg-plassen på Myklebust då, og på denne tida var det vanleg for vanlege folk at ein bytta etternamn når ein bytta buplass, så dei brukte oftast gards- eller bruksnamnet der dei var busette, som etternamn.

Vi kjenner ikkje detaljane i historia, men då Bent var 4-5 år gammal vart han fosterson hos det barnlause ekteparet som var brukarar på Ytre Saude nr. 4 i Sande: Ola Gulikson Igesund og Olave Eliasdotter, f. Langenes. Bruket vart kalla Gjerdet, og Bent vaks opp i Sande og fekk etternamnet Gjerde.

Ved konfirmasjonen i Sande i 1875 er namnet ført inn i kyrkjeboka slik: «Bent Rasmussen Gjerde (**Deplen**)» (*mi utheving. JN*), fødd 4. juni i 1860 på Myklebust i Søvde Annex. ‘Deplen’ er nok det lokale namnet i Syvde på plassebruket der Marte Olsdotter truleg budde dei fyrste åra av Bents liv, og stadnamnet vart i litt ulike former (Deplen, Depelen, Deplane) brukt på gardsbruk og plassar både i Syvde og i Vanylven, og folk som seinare var busette på denne plassen fekk iallfall i ein periode Deple-namnet knytt til fornarnet sitt (Deple-Ansgar, Deple-Kalla). Ein av dei vart heilt enkelt namngitt både i tale og skrift som «Deplen». (Sjå artikkelen «Deplen og Kristi-Olga-huset i Syvde» på Syvde sogelag si heimeside). Det ekstra stadnamnet i innføringa i konfirmantlista i Sande er vel teken med for å angi nøyaktig kva for eit bruk i Syvde Bent kom frå.

Med åra tok Bent over bruket Gjerdet etter fosterforeldra, og gifte seg i 1886 med Oline Marta Sivertsdotter Måen frå Austefjorden. I kyrkjeboka for Volda er det ført inn at brudgommens «borgerlige stilling» då er Skomager, og at far hans var Rasmus Olsen Nordal i Søvde.

Bildet under er teke av Olaf Storegjerde. Det er ikkje datert, men må vere teke rundt 1906, og ligg no m.a. i Fylkesfotoarkivet.



Vi ser Bent med kone og ein stor barneflokk, men ikkje alle er med på bildet. Bent og Oline fekk i alt 11 barn, og nr. 9 av dei var Hjalmar Marius, som med tida vart Bjartmar sin far. Han står til venstre for faren Bent. Dei to eldste, Sivert og Julius er ikkje med på bildet, og heller ikkje systera Bertha, og tvillingsystera hennar, Helga Marie, som døde i 1901. Dette familiebildet må vere teke rundt 1906.

Bent si mor, Marte Olsdotter, skal seinare ha gift seg med ein yngre skreddar i Ålesund, og flytta så til Bergen med mannen og eldsteguten, og Marte døde der, om lag 90 år gammal.

I arkivet etter fotograf Sverre Brudevoll finst det også ei reprofotografering av eit portrett av Marte, som er gjengitt øvst på første side i dette stykket, og det bildet skal Bent ha hatt hengande på veggen i heimen sin, men vi har ingen opplysningar om kven som seinare har fått bildet avfotografert hos Brudevoll.

Kjelder, m.a.: Kyrkjebøker for Syvde Sokn m.fl..

Bygdebok for Syvde sokn. Utg. 1974.

Bygdesoga for Syvde Herad. Utg. 1945.

Diverse innlegg i gruppa «Gamle bilder frå Vanylven» på Facebook.

Ei særleg takk for hjelpa til Mai-Britt Myklebust og Inger-Anne Amundsen.